Barnevern	8 367	11 058	11 058	12 212	12 012	12 012	12 012
Sum	200 407	216 500	219 742	228 578	225 308	225 308	225 308

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	216 500	216 500	216 500	216 500
Sum Vedtak forrige periode	-2 079	-2 079	-2 079	-2 079
Sum Budsjettendring i år	441	441	441	441
Sum Lønns- og prisvekst	9 566	9 566	9 566	9 566
Konsekvensjustert budsjett	7 928	7 928	7 928	7 928
Konsekvensjustert ramme	224 428	224 428	224 428	224 428
Innsparingstiltak				
Betalingsssatsar redusert plass barnehage	-100	-100	-100	-100
Frysing av driftstilskot	-470	-470	-470	-470
Innsparingar kultur	-100	-100	-100	-100
Redusert periode skulesymjing	-250	-500	-500	-500
Tilpassa opplæring	-1 000	-3 000	-3 000	-3 000
Sum Innsparingstiltak	-1 920	-4 170	-4 170	-4 170
Nye tiltak				
Administrativ støtte grunnskule	400	400	400	400
Anlegg idrett/friluftsliv	500	0	0	0
Auka bemanning SFO	1 000	1 000	1 000	1 000
Auka utgifter barnevern	700	500	500	500
Barnehagebetaling	400	400	400	400
Bemannning grunnskule	2 000	2 000	2 000	2 000
Inntektstap SFO	400	400	400	400
Rabatterte billettar i Lustrabadet	200	0	0	0
Sommarbadning	120	0	0	0
SySIKT	200	200	200	200
Ungdomslos	150	150	150	150
Sum Nye tiltak	6 070	5 050	5 050	5 050
Nye tiltak og realendringer budsjett	4 150	880	880	880
Ramme 2025-2028	228 578	225 308	225 308	225 308

Hovudmål

- Barn og unge har gode lokalsamfunn som fremjar sosial kompetanse, deltaking, meistring og tilhøyrslle
- Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforskap og fremjar psykisk helse
- Samordna tenester for alle barn og unge som gjev trygge og gode oppvekstvilkår

Måltabell

Hovudmål	Delmål
Barn og unge har gode lokalsamfunn som fremjar sosial kompetanse, deltaking, meistring og tilhøyrslle	Barn og unge får god rettleiing i å meistre livet
Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforskap og fremjar psykisk helse	Barn og unge er fysisk aktive og har god helse
Samordna tenester for alle barn og unge som gjev trygge og gode oppvekstvilkår	Styrka identitetskjensle og samhøyrs mellom innbyggjarane i kommunen Godt og inkluderande barnehage- og grunnskuletilbod med høg fagleg kvalitet Gode, samordna og førebyggjande tenester med fokus på tidleg innsats for barn og unge og foreldrerettleiing

Grunnskule

Skildring av verksemda i dag

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanverket Kunnskapsløftet, revidert og gjeldande frå august 2020. Det er ni grunnskular i Luster. Det er seks oppvekstsenter med barneskule 1.-7. trinn i krinsane Indre Hafslo, Jostedal, Luster, Skjolden, Solvorn og Veitastrand. Det er kombinert barne- og ungdomsskule på Hafslo, barneskule og ungdomsskule i Gaupne. Kvar skule og kvart oppvekstsenter er sjølvstendige tenesteeiningar. Ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av tenesteeiningane.

Tenestene vert fordele på følgjande kostrafunksjonar:

- 202 Grunnskule
- 213 Vaksenopplæring
- 215 Skulefritidsordning (SFO)
- 222 Skulelokalar
- 223 Skuleskyss

Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Luster kommune har felles PP-teneste med kommunane Sogndal, Aurland og Vik. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta. Frå hausten 2017 er det også inngått samarbeidsavtale mellom dei same kommunane om felles logopedteneste. Tenesta vert organisert via Sogn PPT.

Utviklingsarbeid

Kunnskapsløftet 2020

1. august 2020 trådde det nye læreplanverket for grunnskulen og vidaregåande opplæring, **Kunnskapsløftet 2020 (LK-20)**, i kraft. Arbeidet med innføring av det nye læreplanverket er ei kontinuerleg oppgåve som held fram for grunnskulane i Luster i 2025. Sentrale element i LK-20 er:

- Ny overordna del med verdiar og prinsipp for grunnopplæringa
- Vektlegging av ei aktiv elevrolle og at opplæringa skal ha relevans, av djupnelæring og kritisk tenkning
- Innføring av tre tverrfaglege tema: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring
- Programmering, algoritmisk teknologi er løfta fram i fleire fag

Kompetanseutvikling psykisk helse i grunnskulen

Alle skulane i Luster deltok våren 2022 på sertifiseringskurs i programmet «Sjå eleven innanfrå» som byggjer på COS (Circle of Security), ein tilknytingsmodell med vektlegging av relasjonar og det å skapa tryggleik i møtet mellom barn og vaksne. Dette er ein modell som det også vert satsa på i barnehagen og som er godt innarbeidd i den sektoren. Arbeidet med «Sjå eleven innanfrå» og COS vert vidareført i 2025.

Livsmeistring: robuste barn og unge

“Livsmeistring – Robuste barn og unge” er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune og Sogndal kommune. Målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takla medgang og motgang i livet og at borna som bur her, skal få like moglegheiter til å utvikla ei god og robust psykisk helse. Eit siktemål for arbeidet i Luster er å få til ei ramme der “Livsmeistring” er eit eige fag med ein time per veke. Vektlegginga i 2024/25 er utprøving og pilotering av økter og undervisningsopplegg som innhaldsmessig passar til eit slikt fag. Elles er foreldremedverknad og foreldreinvolvering eit anna hovudområde. Ressursane vert samla på nettstaden www.meistrelivet.no.

Desentralisert kompetanseutvikling

Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule vart i 2024 prioriterte til å delta i den statlege ordninga med desentralisert kompetanseheving, DeKom. Samarbeidspartner i prosjektet er HVL, og prosjektet strekk seg over 3-4 semester frå og med hausten 2024. Indre Hafslo oppvekstsenter og Veitastrand oppvekstsenter vart prioritert i ordninga i 2023 og fullfører samarbeidet med HVL i 2025.

Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er ei statleg kompetancesatsing på lik linje med desentralisert kompetanseutvikling. Det er kompetanseregion Sogn som søker midlar og legg til rette for regional kompetanseutvikling retta mot lærarar i barnehage og skule og mot tilsette i PPT i form av fagdagar, webinar og regionale nettverk. Samarbeidspartner er HVL og Statped. Kommunalsjef oppvekst er leiar av arbeidsgruppa for Kompetanseløftet i region Sogn. Hovudsatsinga dei to siste åra har vore åtferd som utfordrar oss.

Lærarutdanningsskule

I 2024 fekk Hafslø barne- og ungdomsskule etter søknad vidareført statusen som lærarutdanningsskule av HVL fram til 2028. I Sogn og Fjordane er det to skular som har denne statusen. Det er eit prosjekt som inneber eit tett samarbeid med HVL når det gjeld praksis for lærarstudentar, moglegheit for lærarar på Hafslø til å ha delstilling på HVL og deltaking i forskingsprosjekt.

Kommunale ressurslærarar og kommunale fagnettverk

Under Oppvekst er det tilsett **20 % kommunal ressurslærar i IKT**. Stillinga er særleg retta inn mot pedagogisk utvikling og bruk av IKT i undervisninga. Ressurslærar er ansvarleg for det kommunale fagnettverket for IKT-pedagogar og bidreg elles med rettleiing inn mot dei einskilde skulane og planarbeid.

Frå og med hausten 2024 er det også tilsett **20 % stilling som kommunal ressurslærar** for begynnaropplæring. Ressurslærar har ansvar for koordinering av ulike kommunale fagnettverk inkl. nettverket for nyutdanna lærarar i tillegg til rettleiing. Frå 2024 er det også eit tettare samarbeid mellom HVL og kompetanseregion Sogn om regionale samlingar for nyutdanna lærarar i skule og barnehage. Andre kommunale fagnettverk er knytt til spesifikke fagområd som begynnaropplæring, skolemiljø og tilpassa opplæring/spesialundervisning.

Regionalt samarbeid

Det regionale utviklingsarbeidet er forankra i programmet «**System for styrka læring**» som alle kommunane i Sogn har vedteke. Gjeldande programperiode er frå 2022-2030. Tiltak i programmet er i stor grad knytt til drift av kompetanseutvikling i form av regionale fagdagar, webinar og drift av ulike fag- og leiarnettverk.

Særskilt i 2025

Oppfølging av nasjonale føringer

- Innføring av nytt læreplanverk - Kunnskapssløftet 2020 - frå og med 1. august 2020
- Innføring av nasjonal rammeplan for SFO frå og med 1. august 2022
- Ny opplæringslov frå og med 1. august 2024

Særskilde driftstiltak

- Ein klasse mindre ved Indre Hafslø oppvekstsenter skuleåret 2025/26, dvs. tre klassar. Det vert firedeling, fire klassar, att året etter.
 - Stor 1. klasse på Hafslø barne- og ungdomsskule hausten 2025/26, klassedeling kan bli aktuelt.
 - Styrking vikarstillingar grunnskule, vidareføring av tiltak innført 2024.
 - Vidareføring tidleg innsats i grunnskulen knytt til lærartettleik og krav om intensiv opplæring på 1.-4. trinn, omfang eitt årsverk fordelt på skulane etter storleik.
 - Ompostering budsjettmidlar til innkjøp av PC/digitale tavler og badeskyss ompostert frå dei einskilde einingane til tenesta Skule felles og Skuleskyss.
 - Høgt omfang individuelt tilpassa opplæring (tidlegare spesialundervisning) både med tanke på tal enkeltvedtak og ressursomfang.
- Samla bemanning innan oppvekst er høg, må ned over tid. Tilpassast aktivitet og norm. I

budsjett for 2025 er det lagt inn trekk i ramma på 1 million kroner knytt til individuelt tilrettelagt opplæring.

- Utvida SFO-aktivitet. Auka bemanningskostnad i SFO grunna fleire påmeldte barn i 1. - 3. trinn som følgje av ordninga med gratis kjernetid.
- Mindreinntekter i foreldrebetaling grunna innføring av gratis kjernetid for elevar på 3. trinn frå august 2024, heilårsverknad i 2025; omlag 400 000 kr.
- Vidareføring av lokal moderasjonsordning i SFO for å søkje redusert foreldrebetaling; 5 % av inntekta i hushaldet som maksimal betaling for SFO. Avvikling av felles moderasjonsordning på tvers av barnehage og SFO frå 01.08.24.
- Ungdomslos. Overgang i finansiering frå prosjektmidlar til driftsmidlar for 20 % av stillinga.
- Vidareføring auka stillingsressurs 30 % PPT
- Sommarskule 2025. Framhald av satsing på realfagleg sommarkurs.
- Innføring av programmet Visma Sikker Sak Skule for handsaming av sensitive elevsaker; individuelt tilrettelagt opplæring (tidlegare spesialundervisning), forsterka norskopplæring, skulemiljøsaker med meir.

Særskilde utgreiingsarbeid

- Utgriing av framtid Solvorn oppvekstsenter med tanke på utfordringar og konsekvensar. Nærare mandat skal utarbeidast.
- Utgriing utvida samarbeid Hafslø barne- og ungdomsskule og Veitastrand oppvekstsenter, og utvida samarbeid Skjolden oppvekstsenter og Luster oppvekstsenter først og fremst knytt til krav om bemanning og kompetanse, men også økonomi. Det vert opna for utgriing ikring utfordringar og konsekvensar. Nærare mandat skal utarbeidast.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	108 800	108 769	110 724	112 129	110 129	110 129	110 129
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	10 426	10 923	10 675	11 521	11 271	11 271	11 271
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 677	4 909	4 909	4 698	4 698	4 698	4 698
Overføringsutgifter	1 554	222	222	200	200	200	200
Finansutgifter	587	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	126 044	124 823	126 530	128 548	126 298	126 298	126 298
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-1 725	-1 586	-1 586	-1 264	-1 264	-1 264	-1 264
Refusjoner	-12 688	-5 335	-5 335	-2 628	-2 628	-2 628	-2 628
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 268	-60	-60	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	-15 680	-6 981	-6 981	-3 892	-3 892	-3 892	-3 892
Sum	110 364	117 842	119 549	124 656	122 406	122 406	122 406

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	117 842	117 842	117 842	117 842
Sum Vedtak forrige periode	-1 522	-1 522	-1 522	-1 522
Sum Budsjettendring i år	196	196	196	196
Sum Lønns- og prisvekst	5 290	5 290	5 290	5 290
Konsekvensjustert budsjett	3 964	3 964	3 964	3 964
Konsekvensjustert ramme	121 806	121 806	121 806	121 806
Innsparingstiltak				
Redusert periode skulesymjing	-250	-500	-500	-500
Tilpassa opplæring	-1 000	-3 000	-3 000	-3 000
Sum Innsparingstiltak	-1 250	-3 500	-3 500	-3 500
Nye tiltak				
Administrativ støtte grunnskule	400	400	400	400
Auka bemanning SFO	1 000	1 000	1 000	1 000
Bemanning grunnskule	2 000	2 000	2 000	2 000
Inntektstap SFO	400	400	400	400
SySIKT	150	150	150	150
Ungdomslos	150	150	150	150
Sum Nye tiltak	4 100	4 100	4 100	4 100
Nye tiltak og realendringer budsjett	2 850	600	600	600
Ramme 2025-2028	124 656	122 406	122 406	122 406

Barnehage

Skildring av verksemda i dag

Luster kommune har ni kommunale barnehagar. Det er ein barnehage i Gaupne, to barnehagar på Hafslø, Gamlestova og Hafslø barnehage, og seks barnehagar knytt til dei ulike oppvekstsentrata; Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslø, Solvorn og Veitastrond. Dei tre reine barnehagane er sjølvstendige tenesteeiningar der ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av desse einingane.

Tenestene vert fordelt på følgjande funksjonar:

- 201 Barnehage
- 211 Styrka tilbod til førskuleborn
- 221 Barnehagelokalar og skyss

Teneste 201 Barnehage er knytt til drifta av barnehagane. Teneste 211 Styrka tilbod til førskulebarn dekker spesialpedagogisk hjelpe i barnehagane, tilrettelegging av barnehagetilbod i samsvar med barnehagelova § 37 og eventuell mellombels styrking av det ordinære barnehagetilbodet. Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiariane](#) (frå side 84).

Barnehageplassar og opptak

Alle barn som har rett på barnehageplass får plass ved hovudopptak. Kommunen har også suppleringsopptak med oppstart frå 1. januar. Dei kommunale barnehagevedtekta opnar elles for løpende opptak for barn som har fylt eitt år i periodane 15. august – 1. november, og 1. januar – 1.mai dersom det er ledige plassar.

Pedagogisk psykologisk rettleiringsteneste (PPT)

Luster kommune har felles PP-teneste med kommunane Sogndal, Aurland og Vik. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta. Frå hausten 2017 er det også inngått samarbeidsavtale mellom dei same kommunane om felles logopedteneste. Tenesta vert organisert via Sogn PPT.

Utviklingsarbeid

Psykisk helsefremjande barnehagar og inkluderande barnehagemiljø

Dette området held fram som fagleg hovudsatsing for Lustrabarnehagen. Psykisk helsefremjande barnehagar og inkluderande barnehagemiljø har vore overbygninga og den rauden tråden i utviklingsarbeidet i barnehagane sidan 2017. Saman med helsestasjonen har barnehagane i Luster sidan 2017 delteke i eit kompetansehevande prosjekt om COS-modellen (tryggleikssirkelen), ein tilknytingsmodell om korleis barn knyter seg til vaksne. Til no er 19 tilsette frå ulike barnehagar vorten sertifiserte til å kunne ha rådgjevingskurs for foreldre saman med helsesjukepleiar. Kursa er eit lågterskeltilbod for føresette.

Regional kompetanseheving

Dette er ei av tre statlege hovudsatsingar på kompetanseheving innafor oppvekstsektoren. Ordninga er barnehagebasert. Det vil seie at einskildbarnehagar sender inn søknad som vert vurdert og prioritert kommunalt og regionalt utifrå avsett pott til fylket og regionen. I 2024 fekk Hafslø barnehage, Indre Hafslø oppvekstsenter og Luster oppvekstsenter innvilga sine søknadar. Utviklingsarbeidet skjer i partnarskap med HVL og varar 3-4 semester.

Livsmeistring: robuste barn og unge

“Livsmeistring – Robuste barn og unge” er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune og Sogndal kommune. Målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takla medgang og motgang i livet og at ungane som bur her, skal få like moglegeheiter til å utvikla ei god og robust psykisk helse. Dette er eit femårig prosjekt, og vektlegginga i 2024 vil vera utprøving av tiltak i barnehage og skule.

Kompetanseløft for spesialundervisning og inkluderande praksis er ei statleg kompetanseordning på linje med desentralisert kompetanseutvikling. Det er kompetanseregion Sogn som søker midlar og legg til rette for regional kompetanseutvikling retta mot lærarar i barnehage og skule og mot tilsette i PPT i form av fagdagar, webinar og regionale fagnettverk. Samarbeidspartar er HVL og Statped. Kommunalsjef oppvekst er leiar av arbeidsgruppa for Kompetanseløftet i region Sogn. Hovudtema siste to år har vore åferd som utfordrar oss.

Kommunale fagnettverk

Oppvekst koordinerer tre kommunale fagnettverk for barnehagane i Luster barnehageåret 2024/25; spesialpedagogisk hjelp, barnehagemiljø inkludert COS (Circle of Security) og samlingar for nyutdanna barnehagelærarar. Frå 2023/2024 er det også eit tettare samarbeid HVL og kompetanseregion Sogn om samlingar for nyutdanna lærarar i skule og barnehage. Dette er knytt til prosjektet “Ny som lærar i Vestland”.

Regionalt samarbeid

Den faglege paraplyen for det regionale samarbeidet er utviklingsprogrammet «**System for styrka læring**», 2022-2030. Satsinga inneber deltaking på regionale fagdagar og medverknad i ulike fagnettverk. Det er også eige regionalt nettverk for barnehageleiarar med faste møtepunkt.

Særskilt i 2025

Oppfølging av kommunale vedtak

- Gjennomføring av suppleringsopptak i januar 2025.
- Fullføring av byggjeprosjekt: Indre Hafslo oppvekstsenter og ny barnehage på Hafslo

Oppfølging av nasjonale føringer

- Luster stettar bemanningsnorm og nye nasjonale krav om pedagognorm i barnehagane.
- Luster følgjer nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetaling for barnehageplass og gratis kjernetid til 2-, 3-, 4- og 5-åringar. Ingen hushald skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass.
- Foreldrebetalinga er avgrensa av nasjonal maksimalpris, 1500 kr frå og med august 2024
- Luster følgjer ordning med at barn nr 3 i barnehage er gratis. Dette gjeld frå og med august 2023. Forslaget er innarbeidd i dei kommunale betalingssatsane.
- Ny barnehagelov innført frå 1. januar 2021. Barnehagane får ei aktivitetsplikt som skal sikra alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø.

Særskilde driftstiltak

- Suppleringsopptak for 2025: Alle søkerane til suppleringsopptaket f.o.m. januar 2025 har fått barnehageplass. Somme søkerarar til hovudopptaket om hausten ventar med å starte opp i barnehagen til etter nytår.
- Tre avdelingar i Luster oppvekstsenter avd. barnehage både vår- og haustsemesteret, utnytting av full barnehagekapasitet i ombygde Indre Hafslo oppvekstsenter avd. barnehage.
- Det er prognosert litt lågare plassal haustrum i Gaupne barnehage enn i vårsemesteret; 132 plassar vår og 120 plassar haust.
- Halvering av makspris i barnehagen frå og med august 2024, dette får då heilårseffekt i 2025. Mindreinntektene i foreldrepengar 2025 er estimert til 1,7 millionar kr samanlikna med ramma for 2024.
- Felles moderasjonsordning/ felles syskenrabatt på tvers av barnehage og SFO vart avvikla frå 01.08.24.
- Funksjonstillegget for pedagogiske leiarar vart i 2024 auka frå kr 20 000 til kr 25 000. Årsverknad for 2025 har kostnad på omlag kr 100 000
- Auka grunnbemannning med styrka vikarordning innført frå og med 2024 for å hjelpe på utfordringar med å skaffe vikarar og sikre meir stabil bemanning.
- Innføring av programmet Visma Sikker Sak Barnehage hausten 2024 for handsaming av saker knytt til enkeltbarn.

Særskilde utgreiingsarbeid

- Hafslo barnehagekrins: Organiseringa i krinsen og eventuell samanslåing av dei to barnehagane i krinsen er til høyring hausten 2024 - for vedtak des.24.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	69 692	70 298	71 260	70 808	70 808	70 808	70 808
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 978	3 403	3 955	3 665	3 665	3 665	3 665
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	596	589	589	628	628	628	628
Overføringsutgifter	539	0	0	0	0	0	0
Finansutgifter	357	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	74 162	74 289	75 804	75 101	75 101	75 101	75 101
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-9 599	-8 339	-8 339	-7 244	-7 244	-7 244	-7 244
Refusjoner	-5 863	-2 650	-2 650	-1 511	-1 511	-1 511	-1 511
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-87	0	0	-50	-50	-50	-50
Sum Driftsinntekter	-15 548	-10 989	-10 989	-8 805	-8 805	-8 805	-8 805
Sum	58 614	63 300	64 815	66 296	66 296	66 296	66 296

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	63 300	63 300	63 300	63 300
Sum Vedtak forrige periode	-475	-475	-475	-475
Sum Budsjettendring i år	245	245	245	245
Sum Lønns- og prisvekst	2 876	2 876	2 876	2 876
Konsekvensjustert budsjett	2 647	2 647	2 647	2 647
Konsekvensjustert ramme	65 946	65 946	65 946	65 946
Innsparingstiltak				
Betalingsatsar redusert plass barnehage	-100	-100	-100	-100
Sum Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Nye tiltak				
Barnehagebetaling	400	400	400	400
SySIKT	50	50	50	50
Sum Nye tiltak	450	450	450	450
Nye tiltak og realendringer budsjett	350	350	350	350
Ramme 2025-2028	66 296	66 296	66 296	66 296

Kultur

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er organisert med Luster bibliotek som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, Luster frivilligsentral som eigen juridisk eining med kommunen som sentral deltakar, kulturskulen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Sogndal som vertskommune og øvrige kulturtilbod og tiltak lagt under tenesteområdet Oppvekst og kultur.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 231 Aktivitetstilbod barn og unge, tilskot til lag og organisasjoner
- 365 Kulturminneforvaltning
- 370 Bibliotek
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling og utsmykking
- 380 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg (drift av idrettshall og samfunnshus)
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg
- 383 Musikk- og kulturskule
- 385 Andre kulturaktivitetar og andre kulturbrygg (inkl. frivilligsentral)
- 386 Kommunale kulturbrygg

Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#) (frå s. 84)

Luster bibliotek

Luster bibliotek består av tenestene *Folkebibliotek*, 1,75 årsverk, og *Skulebibliotek*, 0,65 årsverk. Samla årsverk i bibliotektenestene er 2,4 årsverk. Folkebiblioteket ligg i andre etasje på Pyramiden kjøpesenter i kommunesenteret Gaupne. Verksemda omfattar aktiv formidling av kunnskap og kultur gjennom ulike medium, som er analogt eller digitalt tilgjengeleg. Biblioteket skal i sine tilbod til barn, ungdom og vaksne legge vekt på kvalitet, aktualitet og allsidigheit. Folkebiblioteket skal i samsvar med biblioteklova vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtal.

Det er oppvekst-/skulebibliotek for skule, barnehage, tilsette og alle foreldre i alle oppvekstsentrer og skulane. Biblioteka er tilgjengelege i opningstida til skulane. Biblioteka har fast servicetid av tilsett frå folkebiblioteket. Alle biblioteka har automatisert utlån med sjølvbetjening, med unntak av Luster ungdomsskule, som har utvida samarbeidsavtale for bruk av folkebiblioteket som skulebibliotek; det er og etablert lokalt bibliotek på skulen, som folkebiblioteket har jamleg tilsyn med og påfyll av ny litteratur, hovudsakleg frå den nasjonale kulturfondordninga.

Luster frivilligsentral

Luster frivilligsentral er ein sjølvstendig og frittståande organisasjon organisert som ei ideell foreining med ikkje økonomisk føremål. Sentralen er ei eiga juridisk eining med eigne vedtekter, eige styre og dagleg leiar. Kontoradressa er i Gaupne.

Frivilligsentralen får tildelt statstilskot og årleg tilskot i kommunen sitt årsbudsjett. Frivilligsentralen driv òg bruktbutikken og utstyrssentral for utleie av utstyr tilfritidsaktivitetar.

Lustrabadet KF

Drifta av badeanlegget er organisert som eige kommunalt foretak, med eige styre og daglig leiar. Kommunen yter driftstilskott og kjøper tenester til symjeopplæringa i grunnskulen.

Sogn kulturskule

Sogn kulturskule er ein interkommunal kulturskule for Sogndal og Luster med Sogndal som vertskapskommune. Samfunnsoppdraget til kulturskulen er forankra i opplæringslova paragraf § 26-1:

«Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet..»

Rammeplan for kulturskulen skildrar føremål og innhald for kulturskulen. Kulturskulen skal samarbeida med skule - og kultursektor og medverka til å styrka kompetanse og kulturell utfalding i lokalsamfunnet. Det inneber eit forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskular, vidaregåande skule, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innan kunst - og kulturformidling.

Øvrige kulturtildob

Avdeling med; forvaltning av ordinære kultursaker og tilskotsordningar til lag og organisasjoner, arbeid med planar og oppfølging av tiltak/plan for anlegg idrett og friluftsliv og bygdebok. Forvaltning av skjenkeløyvepolitikken er lagt hit.

Kyrkja

Tilskot drift og investering Kostraplassert på kultur.

Særskilt i 2025

- Tilskotspostar på kulturområdet er budsettet på 2024 nivå, manglande prisjustering er nærmere 500' der halvparten gjeld kyrkja.
- Oppfølging av frivilligkeitserklæring, inkludert OU-prosjekt for organisering av kommunen sitt arbeid i høve frivillig sektor.
- Utviklingsarbeid Sogn kulturskule knytt til prosjektet *Framtidas kulturskule*, organisatorisk ev. også utviding til fleire medlemskommunar.
- Plan for idrett- og friluftsliv, oppfølging av handlingsplan idrett- og friluftsliv, ev revisjon av plan.
- Markering av 200-års-jubileet for utvandringa til Amerika.
- Fullføring av siste band i bygdebokserien for Luster kommune
- Folkebibliotek: Det er tilsett ny biblioteksjef som starta 1. oktober 2024
- Folkebibliotek: Tenestekjøpet når det gjeld gjeld bibliotektransport, dvs. levering og henting to gonger i veka til folkebibliotek og til oppvekstbibliotek, er vorten ein god del dyrare i ny avtale med Fylkeskommunen gjeldande frå 2024
- Folkebibliotek: Innkjøp og implementering av nytt bibliotekfagsystem hausten 2025. Avtalen som gjeld noverande utlånssystem, Micromarc, går ut 30. september

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett		Rev.budsjett	Økonomiplan			
		2023	2024		2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter								
Lønn		2 918	3 052	3 052	3 208	3 208	3 208	3 208
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon		2 410	3 036	3 056	2 798	2 798	2 798	2 798
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon		5 998	6 504	6 504	5 647	5 647	5 647	5 647
Overføringsutgifter		19 339	14 567	14 567	18 459	17 639	17 639	17 639
Finansutgifter		249	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter		30 914	27 159	27 179	30 113	29 293	29 293	29 293
Driftsinntekter								
Salgsinntekter		-806	-1 042	-1 042	-979	-979	-979	-979
Refusjoner		-1 711	-617	-617	-848	-848	-848	-848
Overføringsinntekter		-4 489	0	0	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner		-2 810	-2 920	-2 920	-2 687	-2 687	-2 687	-2 687
Sum Driftsinntekter		-9 817	-4 580	-4 580	-6 514	-6 514	-6 514	-6 514
Sum		21 097	22 579	22 599	23 599	22 779	22 779	22 779

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	22 579	22 579	22 579	22 579
Sum Vedtak forrige periode	-83	-83	-83	-83
Sum Lønns- og prisvekst	852	852	852	852
Konsekvensjustert budsjett	769	769	769	769
Konsekvensjustert ramme	23 349	23 349	23 349	23 349
Innsparingstiltak				
Frysing av driftstilskot	-470	-470	-470	-470
Innsparingar kultur	-100	-100	-100	-100
Sum Innsparingstiltak	-570	-570	-570	-570
Nye tiltak				
Anlegg idrett/friluftsliv	500	0	0	0
Rabatterte billettar i Lustrabadet	200	0	0	0
Sommarbadning	120	0	0	0
Sum Nye tiltak	820	0	0	0
Nye tiltak og realendringer budsjett	250	-570	-570	-570
Ramme 2025-2028	23 599	22 779	22 779	22 779

Folkehelse

Skildring av verksemda i dag

Skildring av verksemda i dag

Folkehelse er helsetilstanden til befolkninga og korleis helsa fordeler seg i befolkninga. Kommunen skal framme folkehelse gjennom planlegging. Ansvar for delar av folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator underlagt tenesteområdet Oppvekst og kultur. Koplinga til Oppvekst og kultur skal bidra til å sjå meir heilskap og samanheng i kommunen sitt arbeid overfor barn og unge.

Tenesta er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 232 Førebygging, helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste
- 233 Smittevern, reisevaksine, samfunnsmedisin og folkehelse

Folkehelsearbeid kan definerast som samfunnet sin innsats i å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse på alle plan. Folkehelselova legg opp til ei systematisk arbeidsform som inneber:

- å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga
- å ha oversikt over dei faktorane som har tyding for helsetilstanden i befolkninga
- å bidra til å jamna ut sosiale forskjellar i helse gjennom å sørge for at innsatsen for folkehelsa når dei med høgast risiko
- å sikra at alle sektorar i kommunen har fokus på folkehelse

Tal om folkehelsa i Luster kommune

Kommunen skal kvart fjerde år utarbeida eit dokument som syner oversikt over helsetilstanden i kommunen: [Folkehelseoversikt 2024 - 2028](#)

Folkehelseinstituttet kartlegg årleg [folkehelsa i kommunane](#):

- Sjå oppvekstprofil for Luster kommune 2024 (fhi.no)
- Sjå folkehelseprofil 2024 (fhi.no)

Folkehelseoversikta i Luster syner at kommunen i sitt vidare planarbeid bør ha eit særskilt fokus på desse områda:

- Sosial ulikskap – barnefattigdom
- Psykisk helse
- Aldrande befolkning – ei samfunnsreform
- Frivillige organisasjonar – samarbeid for eit berekraftig samfunn
- Fysisk aktivitet - kosthald/overvekt

Det vert særleg følgt med på indikatorar som er knytt til desse fem områda. Mål og strategiar er omtalt i kommuneplan. Tiltak som er satt i verk blir systematisk evaluert.

Luster deltek også i den nasjonale undersøkinga Ungdata der elevar på 5.-7. trinn, 8.-10. trinn og

vidaregåande opplæring vert spør om korleis dei har det og kva dei driv med på fritida. Undersøkinga vart sist gong teken vinteren 2024. Resultat frå undersøkinga finn du på ungdata.no

Tenester og oppgåver

233 Folkehelse

Helsestasjon/skulehelsetenesta har stor merksemd på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Sentralt i dette arbeidet er tidleg innsats. Fysioterapitenesta gjennomfører trening for eldre med vekt på styrke og balanse (Betre balanse) på omsorgssentra i samarbeid med frivillige, og styrketrening for dei over 70 år på Luster treningscenter (SeniorSirkel).

SLT-politiråd

Luster og Sogndal og politiet har eit interkommunalt SLT-politiråd (SLT = *Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak*). Luster har hatt ansvaret for koordinatorfunksjonen ved folkehelsekoordinator. Funksjonen har vore basert på statleg finansiering, men den økonomiske støtta har ikkje vore vidareført etter 2019. Det tverretatlege Familieforum er arenaen for SLT-arbeidet lokalt i Luster kommune.

Trygge lokalsamfunn (TL):

TL er ei ordning utarbeidd av Verdas helseorganisasjon (WHO) som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigkeit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode for å førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange type skader kan reduserast med 25 – 40 % dersom ein klarer å mobilisere næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet. Luster har oppfylt krava og vart sertifisert i 2016 som Trygt lokalsamfunn.

Saman om barn og unge i Luster (SABU)

Det er innført ein heilskapleg digital modell som viser korleis kommunen arbeidar for å sikre tidleg identifikasjon, oppfølging og hjelp til utsette barn. Modellen ligg på heimesida til kommunen og vert populært omtala som SABU-treet.

Oppfølgings- og losfunksjonen (LOS)

Dette er eit tiltak som starta opp i 2019 med tilskot frå Barne-, ungdoms – og familiedirektorat og som no er fasa inn i ordinær drift. Ungdomslosen er eit tilbod til elevane på ungdomsskulesteget der målet er auka trivsel og meistringskjensle samt å førebygge fråvær. Ungdomslosen skal samarbeide tett med skulane og ungdommane sine føresette, og hjelpe til med ungdommane sin skulegang.

Aktiv alderdom

[Digital modell](#) som ligg på heimesida til kommunen. Her kan innbyggjarar, pårørande eller tenesteytar finne informasjon om sentrale tema for ein god, trygg og aktiv alderdom. Kommunen har som mål å legge til rette for eit lokalsamfunn som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga. Informasjonsmodellen skal synleggjere lokale moglegeheter og tilbod, samt nasjonale ressursar for ein god alderdom. Målet er å fremje aktiv deltaking, tryggleik, rett til å bestemme over eige liv og helse gjennom alle livsfasar.

Luster fritidsfond

Økonomi skal ikkje vere eit hinder for deltaking i fritidsaktivitetar i Luster. Luster kommune har oppretta eit fritidsfond som skal bidra til at alle barn og ung i alderen 6-18 år kan vere med på fritidsaktivitetar.

Luster danseverkstad

«Ung til ung»-formidling gjennom dans. Sidan starten i 2006 har frivillig ungdom vært ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge danseglede i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilete for elevane. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og på Skjolden.

Utviklingsarbeid

Livsmeistring – Robuste barn og ungdom:

Dette er eit femårig samarbeidsprosjekt mellom Luster- og Sogndal kommune, Høgskulen på Vestlandet og Fylkeskommunen. Samla statleg tilskot er på 5 millionar kr, og målet er å utvikle eit heilskapleg system for arbeidet med livsmeistring i barnehage og skule. Som bidragsytarar i prosjektet er tilsette frå helsestasjonane til Sogndal og Luster, lærarar i barnehage og grunnskule, kommunepsykolog og foreldrerepresentantar samt ungdommar i begge kommunar.

Ung Arena - Ungdomsklubbar

Prosjekt som går over fem år (2021 – 2025). Innvilga midlar i 2024 kr. 300 000,- Helsedirektorat). Mål: Etablere og organisere ungdomsklubbar i Gaupne og Hafslo. Etablere samarbeid med psykisk helseteam, folkehelse, helsestasjon for ungdom, oppvekst, los kontakt, frivillige lag – og org og FAU/SU på begge ungdomsskulane. Eiga arbeidsgruppe med ungdommar frå kvar skule.

Rocket Man Luster:

Dette er eit prosjekt som går over fire år (2022-2025) med midlar frå Statsforvaltar. Tiltaket går ut på å skape eit fellesskap for ungdom som er i risiko for utanforskap. Rocket-Man skal bestå av ungdommar, jaktivitetsguidar som følger opp ungdommane og frivillige som bidreg der det er behov.

I prosjektet skal det utarbeidast eit system der m.a. skule, NAV, psykisk helseteam - rus, helsestasjon for ungdom, barnevern, fastlegar, ungdomslos kan ta kontakt med koordinator for prosjektet for å melde frå om ungdom som kan ha bruk for tiltaket. Pårørande kan også ta kontakt. Prosjektet i Luster er etablert i dialog med det opphavlege Rocket Man-prosjektet i Skien for å få støtte og råd når det gjeld etableringa av ordninga.

Førebygging av radikalisering og ekstremisme

Kommunen fekk i 2022 innvilga kr. 225 000,- frå Konfliktrådet til å førebygge radikalisering og ekstremisme. To tilsette har gjennomført mentorutdanning og FlexID kurs. Mentorutdanninga har gitt dei to tilsette meir kunnskap om radikalisering og ekstremisme – noko som gjer at dei kan fungere som ressurspersonar ved bekymring om saker. Medan Flexid er ei sertifisering som gjer at dei tilsette kan halde kurs for ungdommar med krysskulturell bakgrunn. Dette kurset handlar om å lære ungdommane å sjå på seg sjølv og sin bakgrunn som ein ressurs i samfunnet. Tiltaket skal implementerast som del av faget livsmeistring i skulen. Det er søkt om nye midlar for 2025.

Tverrfagleg samarbeid for å inkludere barn i fritidsaktivitetar

Kommunen har motteke midlar frå Bufdir til eit tiltak som går over tre år (2022 – 2024, samla sum kr 980 000,-). Tiltaket skal koordinere og organisere samarbeidet mellom tenestene i kommunen og mellom kommunen og andre aktørar-frivillige/private med mål om å auke deltaking av barn og ungdom i fritidsaktivitetar

Særskilt i 2025

- Skattekista - møteplass og gjenbruk. Kommunen har samla fått kr. 900 000 frå Miljødirektorat, Helsedirektorat og Konfliktrådet til etablering av prosjektet Skattekista. Skattekista ligg i lokala til ungdomsklubben og skal ha fokus på gjenbruk av klede, vere ein møteplass, språkpraksis, halde ulike kurs som sykurs med meir. Det er stor interesse for tiltaket og det er etablert ei arbeidsgruppe med husflidslag, flyktningtenesta, NAV, ungdomsstyret, Gaupne helselag og Folkehelse. Ungdomsstyret er i ferd med å pusse opp lokalet.
- Politisk frivillighetserklæring: Arbeidet med å etablere ei politisk frivillighetserklæring starta opp i 2022. Det er gjennomført innspelskonferanse med organisasjonane i kommunen og digital karteggingsundersøking i samarbeid med Frivillig Norge og Rambøll. Å etablere eit forutsigbart og konstruktivt samarbeid mellom kommune og lag-/org er viktig for samfunnsutvikling i kommunen.
- Ung Arena - Luster: ungdomsprosjekt som går over fem år. Innvilga midlar frå Statsforvaltaren i 2025 er kr. 200 000. Målet er å etablere og organisere ungdomsklubbar i Gaupne og på Hafslo. Samarbeid med psykisk helseteam, helsestasjon for ungdom, oppvekst, ungdomslos, frivillige lag – og organisasjonar og FAU/SU på begge ungdomsskulane. Eiga arbeidsgruppe med ungdommar frå kvar skule.
- Ferie- og fritidstilbod for barn og ungdom: Dei siste tre åra (2022-2024) har kommunen fått samla tilskot på kr. 500 000 frå Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet til dette føremålet. Det er søkt om vidareføring for tre nye år, 2025-2027.
- Kommunen har fått tilskot til å utarbeide tverrfagleg system som skal bidra til at «sårbare» barn og ungdom blir losa inn i fritidsaktivitetar. I dette ligg også å etablere system for samarbeid med lag- og organisasjonar i kommunen (kr 980 000 over tre år, 2022 – 2024, Bufdir). Det er søkt om vidareføring i tre nye år.
- Rocket Man Luster: Dette er eit prosjekt som går over fire år (2022-2025) med midlar frå Statsforvaltar. Tiltaket går ut på å skape eit fellesskap for ungdom som er i risiko for utanforskap.
- Framhald av ei rekke tiltak der kommunen har samarbeid med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og Luster frivilligsentral mellom anna Seniortreff, Juleglede, Stolpejakt, FRISKUS - digital aktivitetskalender og Sterk og stødig - lågterskel trimtilbod i fleire krinsar.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	3 625	3 735	3 735	3 868	3 868	3 868	3 868
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 101	810	810	1 000	1 000	1 000	1 000
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	866	250	250	296	296	296	296
Overføringsutgifter	215	85	85	183	183	183	183
Finansutgifter	592	130	130	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	6 400	5 011	5 011	5 346	5 346	5 346	5 346
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-215	-166	-166	-180	-180	-180	-180
Refusjoner	-2 863	-2 131	-2 131	-2 625	-2 625	-2 625	-2 625
Overføringsinntekter	-255	0	0	-50	-50	-50	-50
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 102	-994	-994	-676	-676	-676	-676
Sum Driftsinntekter	-4 434	-3 291	-3 291	-3 531	-3 531	-3 531	-3 531
Sum	1 966	1 720	1 720	1 815	1 815	1 815	1 815

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	1 720	1 720	1 720	1 720
Sum Lønns- og prisvekst	95	95	95	95
Konsekvensjustert budsjett	95	95	95	95
Konsekvensjustert ramme	1 815	1 815	1 815	1 815
Ramme 2025-2028	1 815	1 815	1 815	1 815

Barnevern

Skildring av verksemda i dag

Sogn barnevern er ei interkommunal teneste mellom kommunane Sogndal og Luster - med Sogndal som vertskommune. Sogn barnevern vil i 2025 vere dimensjonert med totalt 17,8 årsverk. Tenesta er inndelt i tre team, der to av teama arbeider med alle kommunale barnevernsoppgåver, gjerne omtalt som ein «generalist-modell». Det tredje teamet, tiltaksteamet, yter tiltak til familiar. Det er frå november 2016 etablert eit leiingsteam med to teamkoordinatorar og ein fagleiar som i lag med tenesteleiar har eit særskilt ansvar for oppfølging av tenesta sitt forbettingsarbeid, internkontroll og kvalitetsutviklingsarbeid.

Luster kommune har akuttberedskap utanfor kontortid gjennom Sogn barnevernsvakt.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 244 Drift av barnevernstenesta
- 251 Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet (tiltak i heimen)
- 252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet (tiltak utanfor heimen)

Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#) (frå side 84).

Samarbeidsavtale:

Vertskommuneavtalen med Sogndal som vertskommune er vidareført. Kommunestyret godkjende revidert avtale i 2022. Det vart der etablert ny fordelingsnøkkel, 5 % fast pr kommune og 90 % etter tal barn og unge frå 0-18 år. Nøkkelen har med denne justeringa kvittert kommunereforma, som gir auka kostnad på Luster, men har gitt ein lik modell for dei ulike samarbeida kommunen inngår i.

Kommunal plan for førebygging

Ny barnevernslov krev at kommunen skal vedta ein plan for det førebyggande arbeidet i kommunen. Kommunal plan for førebygging av omsorgssvikt og åferdsproblem vart vedteke i kommunestyret juni 2024. Planen skildrar kva som er måla for det førebyggande arbeidet, korleis det førebyggande arbeidet er organisert og fordelt mellom tenestene i kommunen, og korleis tenestene skal samarbeida.

Særskilt i 2025

- Prognosene for drifta av Sogn barnevern i 2025 legg opp til ein auke i både drifts- og tiltaksbudsjettet samanlikna med budsjettet for 2024. Den samla budsjettauknen er på omlag 900 000 kroner. Auken i driftsbudsjettet på rundt 600 000 kr skuldast fleire årsaker; innleige av ekstern konsulent grunna langtidssjukmelding og vakante stillinger første kvartal 2025, leasing av bil nr. 2 og auke i lønskostnader grunna tilleggsutdanning og stillingsopprykking masterutdanning. Auka kostnader barnevernsvakt er svært store. Når det gjeld tiltakssida så vert det i budsjettet estimert ein auke i budsjettet på kr 300 000 grunna endring i statleg tiltak.
- Ny leiar for Sogn barnevern byrja 1. september 2024

- Ev. utvida kommunesamarbeid innan barnevern. Prosess for ev. flere deltakarkommunar

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett		Rev.budsjett 2024	Økonomiplan			
		2023	2024		2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter								
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon		8 367	11 058	11 058	12 212	12 012	12 012	12 012
Sum Driftsutgifter		8 367	11 058	11 058	12 212	12 012	12 012	12 012
Sum		8 367	11 058	11 058	12 212	12 012	12 012	12 012

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	11 058	11 058	11 058	11 058
Sum Lønns- og prisvekst	453	453	453	453
Konsekvensjustert budsjett	453	453	453	453
Konsekvensjustert ramme	11 512	11 512	11 512	11 512
Nye tiltak				
Auka utgifter barnevern	700	500	500	500
Sum Nye tiltak	700	500	500	500
Nye tiltak og realendringer budsjett	700	500	500	500
Ramme 2025-2028	12 212	12 012	12 012	12 012

Helse, omsorg og sosial

Skildring av verksemda i dag

Områda *Helse, Omsorg og Sosial* har i B-25 eit nettobudsjett på kr 273 708 349 - ein auke på om lag 15 mill. frå B-24.

Av dei tre tenesteområda er *Omsorg* klart størst med ei nettobudsjett på kr 199 708 982, 222 årsverk og om lag 272 tilsette. *Helse* har ei netto budsjettramme på kr 41 509 273 om lag 33 årsverk og 46 tilsette. *Sosial* er minst med ei netto økonomiske ramme i 2025 på kr 32 491 094 - om lag 17 årsverk og 19 tilsette. *Sosial* sin store budsjettauke skuldast det store mottaket av flyktningar frå Ukraina (som starta i 2022). Den store auken vert i all hovudsak dekkja av statlege tilskot for busetjing av flyktningar.

Områda *Helse, Omsorg og Sosial* har i alt 8 ansvar/einingar. Gaupne omsorgssenter har det største budsjettet på om lag 54 mill. - 55 årsverk og 67 tilsette. Men Grandmo miljøteneste har no eit budsjett på om lag 48 mill. - 65 årsverk og 82 tilsette.

Detaljar om det einskilde tenesteområde er skildra i eigne kapittel.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	245 348	262 270	263 211	278 292	277 812	277 812	277 812
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	31 010	27 946	31 057	29 567	29 732	29 732	29 732
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	11 754	12 567	12 587	12 970	11 970	11 970	11 970
Overføringsutgifter	11 729	9 736	9 736	10 438	10 438	10 438	10 438
Finansutgifter	221	10	10	10	10	10	10
Sum Driftsutgifter	300 062	312 529	316 602	331 276	329 961	329 961	329 961
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-19 808	-20 548	-20 098	-21 957	-21 957	-21 957	-21 957
Refusjoner	-41 740	-33 332	-34 542	-35 610	-36 610	-36 610	-36 610
Overføringsinntekter	-30	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-357	0	0	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	-61 934	-53 881	-54 641	-57 567	-58 567	-58 567	-58 567
Sum	238 128	258 649	261 961	273 708	271 393	271 393	271 393

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Sosial							
Sosial	29 213	31 732	31 738	32 491	32 491	32 491	32 491
Helse	34 420	37 649	39 734	41 509	40 529	40 529	40 529
Omsorg	174 495	189 268	190 490	199 708	198 373	198 373	198 373
Sum	238 128	258 649	261 961	273 708	271 393	271 393	271 393

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	258 649	258 649	258 649	258 649
Sum Tekniske justeringer	0	0	0	0
Sum Vedtak forrige periode	-3 197	-3 197	-3 197	-3 197
Sum Budsjettendring i år	1 662	1 827	1 827	1 827
Sum Lønns- og prisvekst	12 426	12 426	12 426	12 426
Konsekvensjustert budsjett	10 892	11 057	11 057	11 057
Konsekvensjustert ramme	269 540	269 705	269 705	269 705
Innsparingstiltak				
Alarmsentralen	0	-500	-500	-500
Auka inntekter ressurskrevjande	-1 000	-2 000	-2 000	-2 000
Fjerning av doble tenester	-200	-200	-200	-200
Utgreiing legevakttelefon	0	-500	-500	-500
Sum Innsparingstiltak	-1 200	-3 200	-3 200	-3 200
Nye tiltak				
Bemannning omsorg	2 088	2 088	2 088	2 088
Oppretthaldding av bemanning sosial	2 600	2 600	2 600	2 600
SySIKT	200	200	200	200
Utvda bemanning helsestasjon	480	0	0	0
Sum Nye tiltak	5 368	4 888	4 888	4 888
Nye tiltak og realendringer budsjett	4 168	1 688	1 688	1 688
Ramme 2025-2028	273 708	271 393	271 393	271 393

Hovudmål

Hovudmål	Beskriving av langsiktig mål for kommunen	Målsetjing og handlingsplan i økonomiplanen
Aldersvenleg samfunn og tenester som gjennomgående legg vekt på aktiv omsorg		
Sterke og attraktive og lokalsamfunn		
Innbyggjarane har sosial, økonomisk og arbeidsmessig tryggleik		
Alle brukarar med eit fagleg definert behov for pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte tenester i tråd med formelle føringer		

Måltabell

Hovudmål	Delmål
Aldersvenleg samfunn og tenester som gjennomgående legg vekt på aktiv omsorg	Dei eldre i Luster kommune får nyta potensialet sitt og er ein verdifull ressurs for lustrasamfunnet God oppfølging av leve heile livet reformen med fokus på førebyggjande folkehelsearbeid
Alle brukarar med eit fagleg definert behov for pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte tenester i tråd med formelle føringer	Luster kommune skal legge til rette for gode arbeidstilhøve og arbeide systematisk med rekruttering Luster kommune skal vidareutvikle og betre evna til førebyggjande arbeid, tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå)
Innbyggjarane har sosial, økonomisk og arbeidsmessig tryggleik	Gode lågterskeltilbod som førebygger einsemd og fremjar psykisk helse
Sterke og attraktive og lokalsamfunn	

Sosial

Skildring av verksemda i dag

Sosialtenestene er lagt til NAV Luster som er eit partnerskap mellom stat og kommune. Leiar av NAV Luster har ei statleg og ei kommunal styringline, I den kommunale lina har NAV leiar ansvar og mynde som kommunal einingsleiar.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 213 Vaksenopplæring (Luster vaksenopplæring, LVO)
- 242 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid (sosialkontor)
- 275 Introduksjonsordninga
- 276 Kvalifiseringsordninga
- 281 Ytingar til livsopphald (økonomiske sosialhjelp)
- 283 Bistand til etablering og opprettholding av eigen bustad (Husbanken)

Overordna fagleg ansvar for Luster vaksenopplæring (213) ligg organisatorisk til kommunalsjef Oppvekst, og ansvaret for forvaltning av Husbanken sine stønadsordningar (283) er lagt til rådmannen sin stab.

Særskilt i 2025

Oppfølging av nasjonale føringer

Busetjing av flyktninger:

IMDi har varsla at oppmading om busetjing i 2025 vil kome mot slutten av november. Når kommunen får denne oppmadinga må det gjerast ei samla vurdering av kor mange ein meiner kan busetjast i 2025. Den førebelse vurderinga er at arbeidet med busetjing og integrering er særskilt krevjande, og dette gjeld ikkje minst overgang til arbeid eller utdanning. Dette tilseier eit mottak i 2025 på om lag same nivå som i 2024, som var mottak av 50 flyktningar. Men dette må vurderast nærmare når oppmadinga frå IMDi har kome.

Drift og utvikling

Styrkingstiltak:

På grunn av dei store mottaka av flyktningar har bemanninga i tenestene vorte styrka. Presset mot tenestene er ikkje redusert, og det vil kome fleire flyktningar i 2025. Det vil i tillegg vere viktig med auka innsats for å lukkast med overgang til arbeid eller utdanning for flyktningar som er ferdige med introduksjonsprogrammet. Det vert difor tilrådd at styrkinga vert vidareført i 2025.

Interkommunalt samarbeid:

NAV stat og dei seks kommunane i regionen er samde om at det vert starta eit felles utgreiingsarbeid om vertskommunesamarbeid for NAV kontora i Sogn. I dette ligg eit eventuelt vertskommunesamarbeid om dei kommunale tenestene i NAV. Det er etablert eit prosjekt med styringsgruppe og NAV skal stille med ressurs til prosjektleiing. Førebels frist for ferdigstilling av utgreiinga er sett til 1. juni 2025.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett		Rev.budsjett 2024	Økonomiplan			
		2023	2024		2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter								
Lønn	22 790	26 000	26 006	27 438	27 438	27 438	27 438	27 438
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 519	3 047	3 047	2 740	2 740	2 740	2 740	2 740
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	401	500	500	380	380	380	380	380
Overføringsutgifter	7 064	6 375	6 375	7 052	7 052	7 052	7 052	7 052
Finansutgifter	116	10	10	10	10	10	10	10
Sum Driftsutgifter	33 890	35 932	35 938	37 621	37 621	37 621	37 621	37 621
Driftsinntekter								
Salgsinntekter	-8	-50	-50	-50	-50	-50	-50	-50
Refusjoner	-4 620	-4 150	-4 150	-5 080	-5 080	-5 080	-5 080	-5 080
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-50	0	0	-0	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	-4 677	-4 200	-4 200	-5 130	-5 130	-5 130	-5 130	-5 130
Sum	29 213	31 732	31 738	32 491	32 491	32 491	32 491	32 491

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	31 732	31 732	31 732	31 732
Sum Vedtak forrige periode	-3 197	-3 197	-3 197	-3 197
Sum Lønns- og prisvekst	1 356	1 356	1 356	1 356
Konsekvensjustert budsjett	-1 841	-1 841	-1 841	-1 841
Konsekvensjustert ramme	29 891	29 891	29 891	29 891
Nye tiltak				
Oppretthaldning av bemanning sosial	2 600	2 600	2 600	2 600
Sum Nye tiltak	2 600	2 600	2 600	2 600
Nye tiltak og realendringer budsjett	2 600	2 600	2 600	2 600
Ramme 2025-2028	32 491	32 491	32 491	32 491

Helse

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er organisert som ei sjølvstendig tenesteeining leia av *Leiar for helsetenesta*. Eininga Helse har følgjande fagavdelingar: Helsestasjon, skulehelsetenesta og jordmor, Legetenesta med laboratorium, Fysio-/ergoterapi samt Psykisk helseteam og rusomsorg. Overordna ansvar for folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator i rådmannen sin stab.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 232 Førebygging, helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste
- 233 Anna førebyggjande helsearbeid (smittevern, reisevaksine, samfunnsmedisin, folkehelse)
- 241 Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering
(allmennlegeteneste, legevakt, fysioterapi, ergoterapi)
- 242 Interkommunalt krisesentertilbod og senter for incest og seksuelle overgrep
- 243 Rusomsorg
- 258 Heimetenerster – ambulerande virksomhet mv (psykisk helseteam)

Fjellet:

Digital modell som ligg på heimesida. til kommunen. Her kan innbyggjarane, pårørande eller tenesteytar finne informasjon om sentrale tema for ein god, trygg og aktiv alderdom. Kommunen har som mål å legge til rette for eit lokalsamfunn som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga. Informasjonsmodellen skal synleggjere lokale moglegeheter og tilbod, samt nasjonale ressursar for ein god alderdom. Føremålet er å fremje aktiv deltaking, tryggleik, rett til å bestemme over eige liv og helse gjennom alle livsfasar.

Interkommunale tenester

Krisesentertilbod:

Luster sitt krisesentertilbod vert ivareteke av eit interkommunalt samarbeid med Kinn som vertskommune. Krisesenteret er lokalisert i Florø og skal oppfylle kommunane sine lovpålagde plikter om krisesenterenester.

Overgrepsmottak:

Mottaket er lokalisert til legevakt i Førde og er finansiert med om lag 60% frå helse Førde og 40% frå kommunane.

Senter mot incest og seksuelle overgrep (Smiso) - Nok:

Dette er eit kompetansesenter mot seksuelle overgrep lagt til Førde med Sunnfjord som vertskommune. Frå hausten 2020 vart namnet endra frå Smiso til Nok. Nok Sogn og Fjordane er ei privat stifting som vert drive med offentlige midlar. Inntil 80% av driftsutgiftene er statstilskot og 20% kjem frå kommunar, fylkeskommune og helseforetak.

Frisklivssentral:

Frisklivssentralen Sogn er ei interkommunalt helsefremjande og førebyggjande helseteneste for Luster og Sogndal. I samarbeidsavtalen vert kostnadar fordelt med 70% etter folketal og 15% som deltar-/medlemsandel per kommune (totalt 30%).

Legevaktcentral/legevakttelefon (116117):

Alle kommunar skal ha ein legevaktcentral (LVS) som svarer på 116117. LVS for kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Vik, og Luster er lokalisert til det interkommunale lokalmedisinske senteret (LMS) ved Lærdal sjukehus.

SLT Politiråd:

Luster og Sogndal og Politiet har eit interkommunalt SLT - Politiråd (SLT = *Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak*). Luster har hatt ansvaret for koordinatorfunksjonen. Funksjonen har vore basert på statleg finansiering, men dette er ikkje vidareført frå 2020. Det er avtalt at Luster tek ansvar for koordinatorfunksjonen også i 2025.

Miljøretta helsevern:

Interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen mellom Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Vik og Luster. Sogndal er vertskommune og har ansvar for å utfører oppgåvane i tråd med gjeldande lovverk. Tenesta vart styrka med ei stilling i 2020 og kostnaden vart dermed dobla. I ny samarbeidsavtale vert 30 % av utgiftene fordelt likt mellom deltakarkommunane, og 70 % etter omfanget av tilsynsobjekt i kommunane.

Jordmor samarbeid:

Luster og Sogndal har vaktsamarbeid for jordmor. Ansvaret for å administrere vaktordninga ligg til Sogndal kommune. Det er lagt til grunn ein stillingsressurs tilsvarande 10 %. Kostnad vert regulert årleg i samsvar med gjennomsnittleg lønsvekst. Luster kommune dekkar 1/4 av vaktordninga, Sogndal kommune 3/4.

Særskilt i 2025

Drift og utvikling

Styrkingstiltak

Bemanning: Det store mottaket av flyktningar har gjeve auka press mot helsetenestene. For å auke kapasiteten vert tenesta styrka med 80% stillingsressurs som sjukepleiar fram til august 2025.

SySIKT: Nytt budsjett frå SySIKT syner vesentleg auka utgifter og denne auken vert fordelt på tenesteområda.

Innsparingstiltak:

Legevakttelefon: Luster tek del i ei interkommunal ordning for legevakttelefon (116117) drifta av Lærdal kommune/lokalmedisinsk senter (LMS) - lokalisert til Lærdal sjukehus. Denne tenesta har hatt ein unormalt stor kostnadsvekst. Det vert difor tilrådd at det i 2025 vert gjort ei vurdering av om det er andre måtar å løyse dette på, som kan gje gode tenester - men med lågare kostnad.

Helse og omsorg mot 2030:

Den planlagde konseptfasen er gjennomført i 2024, og det vert vist til eige sak om dette handsama i kommunestyret 28. november. Vidare arbeid i prosjektet vil i hovudsak gå i to parallelle spor fram mot sommaren 2025. Det eine sporet vil vere utarbeiding av ei ny innsats- og bustadtrapp som skal syne det framtidige samla tenestetilbodet i helse- og omsorgstenesta. Det andre sporet vil vere planlegging av nytt bygg. Det er føresett tett samarbeid og god koordinering mellom dei to spora. I arbeidet med ny innsats- og bustadtrapp vert det særleg viktig å klargjere kva bustad- og tenestetilbod kommunen skal ha på trinna under dei høgste omsorgsnivåa (institusjon), og tersklar mellom dei ulike trinna i trappa. I dette ligg og framtidig dimensjonering- og organisering av heimetenestene. Arbeidet med prosjektet *Helse- og omsorg mot 2030* vert det viktigaste utviklingsarbeidet i 2025.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	33 281	33 348	33 885	37 927	37 447	37 447	37 447
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 080	5 602	5 490	5 372	5 372	5 372	5 372
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	8 033	8 167	8 187	8 379	7 879	7 879	7 879
Overføringsutgifter	1 585	1 333	1 333	1 357	1 357	1 357	1 357
Sum Driftsutgifter	47 979	48 450	48 895	53 036	52 056	52 056	52 056
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-4 909	-6 122	-5 672	-6 374	-6 374	-6 374	-6 374
Refusjoner	-8 573	-4 679	-3 489	-5 153	-5 153	-5 153	-5 153
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-77	0	0	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	-13 559	-10 801	-9 161	-11 527	-11 527	-11 527	-11 527
Sum	34 420	37 649	39 734	41 509	40 529	40 529	40 529

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	37 649	37 649	37 649	37 649
Sum Budsjettendring i år	1 490	1 490	1 490	1 490
Sum Lønns- og prisvekst	1 841	1 841	1 841	1 841
Konsekvensjustert budsjett	3 331	3 331	3 331	3 331
Konsekvensjustert ramme	40 979	40 979	40 979	40 979
Innsparingstiltak				
Utgreiing legevaktelefon	0	-500	-500	-500
Sum Innsparingstiltak	0	-500	-500	-500
Nye tiltak				
SySIKT	50	50	50	50
Utvira bemanning helhestasjon	480	0	0	0
Sum Nye tiltak	530	50	50	50
Nye tiltak og realendringer budsjett	530	-450	-450	-450
Ramme 2025-2028	41 509	40 529	40 529	40 529

Omsorg

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er organisert med tenestekontor, sentralkjøken og 5 tenesteeiningar; Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslo omsorgssenter, Grandmo miljøtjeneste og Arbeids- og treningssenteret (ATS). Ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av desse einingane.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 234 Aktiviserings- og servicetenester (eldre og menneske med nedsett funksjonsevne)
- 241 Ergoterapi
- 253 Helse og omsorgstenester i institusjon (inkl kjøken)
- 256 Tilbod om øyeblikkelig hjelp døgnopp hold (ØHD)
- 257 Heimetenester – personellbase knytt til bofelleskap/samlokaliserte omsorgsboliger (BPA, ROP, Omsorgsplass)
- 258 Heimetenester – ikkje personellbase men ambulerande virksamhet mv (heimetenestene, psykisk helseteam)
- 273 Arbeidsretta tiltak i kommunal regi (Arbeids- og treningssenteret - ATS)

Fjellet:

Digital modell som ligg på heimesida til kommunen. Her kan innbyggjarane, pårørande eller tenesteytar finne informasjon om sentrale tema for ein god, trygg og aktiv alderdom. Kommunen har som mål å legge til rette for eit lokalsamfunn som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga. Informasjonsmodellen skal synleggjere lokale moglegheiter og tilbod, samt nasjonale ressursar for ein god alderdom. Føremålet er å fremje aktiv deltaking, tryggleik, rett til å bestemme over eige liv og helse gjennom alle livsfasar.

Interkommunale tenester:

Samhandlingskoordinator:

Målet med stillinga er at kommunane i fylket skal ha eit felles talerør mot Helse Førde når det gjeld samhandling, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå. Hovudoppgåvene er:

- Koordinere oppnemningar og deltaking i arbeid - Helse Førde
- Sekretær for helse- og omsorgsutvalet
- Ressursperson for KS i saker relatert til helse og omsorg (Rådmannsutval og Fylkesstyret)
- Koordinere høyringsuttalar på vegne av kommunane
- Oppfylle kommunane sine forpliktingar kring saksførebuing og tilrettelegging i felles råd, utval og fora (eks. koordineringsrådet og felles brukarutval)
- Samarbeide med fagnettverka i regionane.
- Koordinere arbeidet med LIS1 teneste i kommunane.
- Ut over dette må personen få høve til å forme sine eigne satsingsområde og strategiar i høve å koordinere opplæringstiltak, fagutvikling og samhandlingsprosjekt.

Sunnfjord er vertskommune. 17 kommunar deltek i samarbeidet og deler kostnadane.

Særskilt i 2025

Oppfølging av nasjonale føringer

Bu trygt heime reforma:

Sitjande regjering lanserte i juni i 2024 Stortingsmeldinga *Fellesskap og meistring - Bu trygt heime reformen*. Dette må sjåast på som ei vidareføring av *Leve heile livet* - og Regjeringa skriv mellom anna følgjande om den nye reforma:

I 2030 vil det være flere eldre enn barn i Norge. For å møte denne samfunnsendringen og samtidig legge til rette for en aktiv og trygg alderdom, legger regjeringen fram en ny eldrereform. Reformen skal bidra til et mer aldersvennlig samfunn, at flere eldre kan leve aktive liv lenger og oppleve trygghet ved å bo i eget hjem. Alle eldre i Norge skal ha en trygg og god alderdom. Vi kommer til å få en kraftig vekst i antall eldre. Denne eldrereformen strekker seg fra hverdagslivet og lokalsamfunnet via boliger og hjemmetjenester til samhandling med sykehusene. Hele samfunnet må bli mer aldersvennlig. Flere eldre skal kunne leve aktive liv lenger og oppleve trygghet i eget hjem, og så skal de som ikke kan bo hjemme, også ha trygge, gode og verdige liv. Et viktig bakteppe for reformen er at Norge frem mot 2040 vil få nesten en kvart million flere over 80 år, en dobling sammenliknet med i dag. Reformen har en rekke tiltak, og de tre viktigste er:

- *Program for et aldersvennlig Norge, som skal skape flere sosiale møteplasser, aldersvennlig transport, aldersvennlig frivillighet og planlegging for en bedre alderdom.*
- *Eldreboligprogrammet, som skal bidra til både tilpasninger i eldres hjem slik at de kan bo hjemme lenger og til bygging av omsorgsboliger, trygghetsboliger og sykehjemsplasser.*
- *Den nye hjemmetjenesten, som skal bidra til at eldre får møte få og faste medarbeidere, bedre grunnbemanning og færre vikarer.*

Eldrereformen har fire satsingsområder:

- *Levende lokalsamfunn som ivaretar aktivitet og fellesskap*
- *Tilpassede botilbud, og mulighet for å bo trygt i eget hjem lenger*
- *Kompetente medarbeidere*
- *Trygghet for brukere og støtte til pårørende*

Vi må styrke innsatsen i kommunene for å møte samfunnsendringene med flere eldre. Vi har en utfordring med mangel på egnede boliger for eldre, særlig i distriktene. Regjeringen vil derfor føre en aktiv boligpolitikk som stimulerer til at eldre har tilgang til egnet bolig og blir inkludert og får deltatt i nærmiljøet.

Luster har over tid arbeidd med oppfølging av dei tre viktigaste tiltaka, og dei fire satsingsområda. Dette arbeidet vil bli vidareført og prosjektet *Helse og omsorg mot 2030* (jf. under) vert viktig for oppfølging av desse nasjonale føringane/satsingane.

Drift og utvikling

Styrkingstiltak

Bemanning: På grunn av auka belegg/auka pleietryngde, mangel på vikarar og manglande budsjettering av ny stilling - vert budsjettet til Luster omsorgssenter styrka. I dette ligg og forventa auka bruk av vikarbyrå gjennom heile året.

SySIKT: Nytt budsjett frå SySIKT syner vesentleg auka utgifter, og denne auken vert fordelt på tenesteområda.

Innsparingstiltak

Alarmsentralen: I sin konseptrapport peiker eksterne rådgjevarar (HRP) på at handteringa av tryggleiksalarmar har ein unødig høg kostnad. Den same vurderinga er tidlegare gjort administrativt i Luster. Alarmsentralen er eit interkommunalt selskap der Luster er ein av 17 eigarkommunar, og ny selskapsavtale var gjeldande frå 20.10.2021. I denne avtalen er det ei bindingstid på tre år før ein kan gå ut av avtalen. Dette er difor første året der det er mogleg med ei utmelding. Oppseiing er regulert slik i selskapsavtalen: *Dersom ein kommune, etter utløpet av bindingstida, ønskjer å melde seg ut av samarbeidet eller gjere vesentlege endringar som påverkar organisering og økonomi, gjeld ei oppseiingstid på eitt år med verknad frå 1. januar – slik at eventuell oppseiing må varslast seinast innan utgangen av desember, dvs. 12 månader før oppseiing vert sett i verk. Utløysning frå selskapet vil då først kunne skje ved utgangen av påfølgjande år.*

Dette tyder at oppseiing må sendast før 31.12.2024, og oppseiingstida er 12 månader. Avtalen med Alarmsentralen vil difor gjelde i heile 2025, og forventa innsparing kjem ikkje før i 2026. Oppseiingsåret vil bli brukt til å klargjere grunnlaget for innføring av eit alternativt system. Det mest aktuelle er *mobilt vaktrom*, som er teke i bruk med gode resultat i andre kommunar. I systemet *mobilt vaktrom* ligg at alarmar vil gå til vakttelefonar i eigen organisasjon.

Ta vekk doble tenester: Samanlikning med andre kommunar syner at Luster har høge kostnadar knytt til støttekontakt. Noko av årsaka til dette kan vere at Luster har ein praksis der det vert gjeve støttekontakt til brukarar som har andre tenester på eit høgt omsorgsnivå. Døme på slike doble tenester er at brukarar/pasientar på omsorgsplass og i sjukeheim har støttekontakt. For å redusere kostnadane til støttekontakt vil slike opplagde tilfelle av doble tenester bli avslutta i 2025. Det vil i 2025 bli arbeidd vidare med kartlegging av omfanget av alle typer doble tenester, og tersklar for tildeling av støttekontakt vil bli vurdert på nytt.

Auka inntekt statstilskot særleg ressurskrevjande tenester: Dette er eit område med stor usikkerheit og store variasjonar (i tilført statstilskot). På grunn av endringane i inntektssystemet og usikre kostnadar knytt til ressurskrevjande tiltak, vil det for 2025 vere særleg stor usikkerheit. Det vert likevel no lagt til grunn eit noko meir optimistisk anslag enn i dei fyrste vurderingane.

Helse og omsorg mot 2030:

Den planlagde konseptfasen er gjennomført i 2024, og det vert vist til eige sak om dette handsama i kommunestyret 28. november. Vidare arbeid i prosjektet vil i hovudsak gå i to parallelle spor fram mot sommaren 2025. Det eine sporet vil vere utarbeiding av ei ny innsats- og bustadstrapp som skal syne det framtidige samla tenestetilbodet i helse- og omsorgstenesta. Det andre sporet vil vere planlegging av nytt bygg. Det er føresett tett samarbeid og god koordinering mellom dei to spora. I arbeidet med med ny innsats- og bustadtrapp vert det særleg viktig å klargjere kva bustad- og tenestetilbod kommunen skal ha på trinna under dei høgste omsorgsnivåa (institusjon), og tersklar mellom dei ulike trinna i

trappa. I dette ligg og framtidig dimensjonering- og organisering av heimetenestene. Arbeidet med prosjektet *Helse- og omsorg mot 2030* vert det viktigaste utviklingsarbeidet i 2025.

Læringsnettverk for tenester til personar med utviklingshemming:

På grunn av aukande utfordringar knytt til ressurskrevjande tenester og drifta av Grandmo miljøteneste, har kommunen i 2024 delteke i eit læringsnettverk saman med seks andre kommunar. Målet er betre kunnskap om ressursbruk, tenestenivå, organisering mm. Arbeidet har gjeve godt utbytte, og det vert arbeidd med ferdigstilling av ein ressursanalyse. Det vert og arbeidd med ein kvalitativ analyse, og som del av dette er det gjennomført medarbeidar-, brukar- og pårørandeundersøkngar. Arbeidet i nettverket vil bli vidareført i 2025. Det vil bli utarbeidd ein samla sluttrapport som mellom anna skal gje grunnlag for vurdering av drift og organisering.

Digitalisering og velferdsteknologi:

Digitalisering og velferdsteknologi er godt implementert i dagleg drift, og det er god kompetanse i organisasjonen. Den største satsinga har vore pasientvarslingsanlegg, og det står no berre att ferdigstilling ved Gaupne omsorgssenter. Aktuelle tiltak i 2025 er:

- Ferdigstilling av pasientvarslingsanslegg ved Gaupne omsorgssenter. Estimert kostnad: kr 3 - 400 000.
- Innføring av samhandlingsmodul i journalsystemet Gerica. Eingongskostnad på om lag kr 88 000, årleg driftskostnad på kr 17 000.
- LMP bilder. Eingongskostnad på om lag kr 67 000, og årleg driftskostnad på kr 17 000. Med LMP bilder kan ein ta bilder med mobiltelefon og lagre i pasientjournal. Det kan brukes ved sårbehandling, eksem osv til dokumentasjon.
- Multidose e-resept. Dette er ikkje innført i Luster, mellom på grunn av manglande gode digitale løysingar. Nye- og betre digitale løysingar vert no pilotert. Om dei nye løysingane vert gode, bør multidose takast i bruk.
- Digital heimeoppfølging. Luster er med i eit prosjekt saman med kommunar og Helse Førde. Arbeidet vil bli vidareført i 2025.

Utviklingsarbeid ATS:

Bygging av nybygg på 360m² starta i september 2024 og er avtalt ferdigstilt sommaren 2025. Vidare er det tenkt å arbeida med planane for ombygginga av nordre del av hovudbygget (kjøkken, matsal, garderobar) og carport, parallelt med oppføringa av nybygget. På den måten vil opprusting/ombygging kunna startast så snart nybygget er ferdig og vaskeriet er flytta dit sommar/tidleg haust 2025. Carport for el-bilar med tilrettelagt på- og avstigingsareal er tillagt hovudprosjektet. Det vert vurdert gjenbruk av takstein frå Hafslo skule- og samfunnsbygg. Kostnadsramme for nybygget er 14 millionar av ein avsett sum for 2024 og 2025 på 20,5 mill.

Det er stor usikkerheit knytt til om det er mogleg å fullføra det opphavelege byggjeprosjektet innafor avsett ramme. Renoveringa av eldste delen av hovudbygningen er ein såleis innstilt på å utsetja i påvente av tilgang til midlar seinare. Men det er sterkt ønskeleg å få fullført ombygginga av nordre del av hovudbygninga (matsal, kjøkken, garderobar) pluss den påtenkte carporten ved sør-enden av hovudbygningen i ein samanhengande prosess.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	189 277	202 922	203 320	212 926	212 926	212 926	212 926
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	22 411	19 297	22 520	21 455	21 620	21 620	21 620
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 320	3 901	3 901	4 210	3 710	3 710	3 710
Overføringsutgifter	3 081	2 028	2 028	2 028	2 028	2 028	2 028
Finansutgifter	104	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	218 192	228 148	231 769	240 619	240 284	240 284	240 284
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-14 891	-14 377	-14 377	-15 533	-15 533	-15 533	-15 533
Refusjoner	-28 547	-24 503	-26 903	-25 378	-26 378	-26 378	-26 378
Overføringsinntekter	-30	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-230	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-43 698	-38 880	-41 280	-40 911	-41 911	-41 911	-41 911
Sum	174 495	189 268	190 490	199 708	198 373	198 373	198 373

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	189 268	189 268	189 268	189 268
Sum Tekniske justeringer	0	0	0	0
Sum Budsjettendring i år	172	337	337	337
Sum Lønns- og prisvekst	9 229	9 229	9 229	9 229
Konsekvensjustert budsjett	9 402	9 567	9 567	9 567
Konsekvensjustert ramme	198 670	198 835	198 835	198 835
Innsparingstiltak				
Alarmsentralen	0	-500	-500	-500
Auka inntekter ressurskrevjande	-1 000	-2 000	-2 000	-2 000
Fjerning av doble tenester	-200	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak	-1 200	-2 700	-2 700	-2 700
Nye tiltak				
Bemannning omsorg	2 088	2 088	2 088	2 088
SySIKT	150	150	150	150
Sum Nye tiltak	2 238	2 238	2 238	2 238
Nye tiltak og realendringer budsjett	1 038	-462	-462	-462
Ramme 2025-2028	199 708	198 373	198 373	198 373

Samfunn og næring

Skildring av verksemda i dag

Samfunn og næring er eit av to ansvarsområde under stabseining forvaltning og utvikling. Det er to avdelingar under området, næring og landbruk samt plan. Næring/natur og plan er dei to organisatoriske avdelingane, der næring og landbruk er samla i ei avdeling med ein avdelingsleiar og to fagleg ansvarlege.

Viktigaste satsingsområdet for vidare samfunnsutvikling vil vere å få slutført handsaminga av kommuneplanen sin arealdel.

Ansvara som ligg under samfunn og næring er landbruk (inkl. natur- og miljøforvaltning), næring, plan, beredskap og kulturarv. For meir omtale av desse, sjå underkapittel.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	12 602	13 500	13 725	14 434	14 834	14 834	14 834
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 859	6 125	6 291	4 952	4 952	4 952	4 952
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 667	1 779	3 264	2 167	2 167	2 167	2 167
Overføringsutgifter	20 657	8 794	10 794	4 746	4 746	4 746	4 746
Finansutgifter	24 773	21 011	31 011	20 011	20 011	20 011	20 011
Sum Driftsutgifter	64 558	51 209	65 085	46 310	46 710	46 710	46 710
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-3 452	-2 533	-4 885	-5 403	-5 403	-5 403	-5 403
Refusjoner	-6 002	-4 289	-5 450	-5 283	-5 283	-5 283	-5 283
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-45 402	-31 299	-43 974	-24 419	-24 419	-24 419	-24 419
Sum Driftsinntekter	-54 856	-38 121	-54 309	-35 104	-35 104	-35 104	-35 104
Sum	9 702	13 088	10 776	11 206	11 606	11 606	11 606

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Landbruk	3 868	4 651	4 651	4 791	5 091	5 091	5 091
Næring	780	1 642	-630	-260	-160	-160	-160
Plan	4 797	6 403	6 363	6 255	6 255	6 255	6 255
Beredskap	279	280	280	291	291	291	291
Kulturarv	-21	112	112	129	129	129	129
Sum	9 702	13 088	10 776	11 206	11 606	11 606	11 606

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	13 088	13 088	13 088	13 088
Sum Tekniske justeringer	-75	-75	-75	-75
Sum Vedtak forrige periode	-327	-327	-327	-327
Sum Budsjettendring i år	-2 312	-2 312	-2 312	-2 312
Sum Lønns- og prisvekst	862	862	862	862
Konsekvensjustert budsjett	-1 851	-1 851	-1 851	-1 851
Konsekvensjustert ramme	11 237	11 237	11 237	11 237
Innsparingstiltak				
Betalingsatsar plan og bygg	-131	-131	-131	-131
Mindre bruk av næringsfond samfunn og næring	4 000	4 000	4 000	4 000
Permisjonar landbruk	-300	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar; Næring og miljø	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Utlån næringsfondet	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Sum Innsparingstiltak	-431	-131	-131	-131
Nye tiltak				
Framtidig organisering næring	400	500	500	500
Sum Nye tiltak	400	500	500	500
Nye tiltak og realendringer budsjett	-31	369	369	369
Ramme 2025-2028	11 206	11 606	11 606	11 606

Hovudmål

Hovudmål	Beskriving av langsigttig mål for kommunen	Målsetjing og handlingsplan i økonomiplanen
Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga		
Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster		
Landbruket har gode rammer og det er mangfold innan landbruksproduksjonen i Luster		
Luster kommune legg til rette for berekraftig utvikling og nyskaping innan næringslivet og støttar opp om dei eksisterande verksemndene		
Positiv utvikling av felles arbeidsmarknad i Sogneregionen, særleg innafor offentlege arbeidsplassar		

Måltabell

Hovudmål	Delmål
Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster	
Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga	
Landbruket har gode rammer og det er mangfold innan landbruksproduksjonen i Luster	Verdiskapninga og produksjonen i landbruket oppretthaldast
Luster kommune legg til rette for berekraftig utvikling og nyskaping innan næringslivet og støttar opp om dei eksisterande verksemndene	Luster kommune er offensiv for medfinansiering av utviklingsprosjekt i næringslivet jmfr «grunnlag for handsaming av næringssaker - Det gjeld både eksisterande bedrifter og nystarta bedrifter/grunderar
Positiv utvikling av felles arbeidsmarknad i Sogneregionen, særleg innafor offentlege arbeidsplassar	Luster kommune deltek aktivt for å utvikle fleire offentlege arbeidsplassar i Sogneregionen

Landbruk

Skildring av verksemda i dag

Tenesta er organisert under stabseining Forvaltning og utvikling med avdelinga næring og landbruk. Ansvar og mynde er internt delegert til fagleiar landbruk og naturforvaltning.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 329 Landbruksforvaltning
- 360 Naturforvaltning

Særskilt i 2025

Tilrettelegging og stimulering av landbruket:

Luster kommune er ein av dei største landbrukskommunane Vestland fylke. Kommunen si rolle er både å tilrettelege/stimulere samt å driva forvalting. I forvaltinga av statlege og kommunale tilskotsordningar er det viktig med grundig oppfølging og kontroll slik at intensjonen for tilskotet blir følgt og at det vert likebehandling mellom brukarar. Av stimulerande tiltak er det fleire kommunale landbruksrelaterte tilskotsordningar som blir rullert i dokumentet «Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune».

Luster kommune har i fleire år hatt ei ordning med kommunalt lån i samband med større investeringar, Lånetaket vart frå 2024 auka til 2,5 mill.kr i lån pr verksemde.

Frukt og grøntprosjektet har stoppa litt opp på grunn av manglende leveranseavtalar. Ei eventuell revitalisering av dette prosjektet må avvente til vi ser betre marknadstilgang, eventuelt byggast meir rundt lokal omsetjing/foredling.

Veterinærvaktordninga:

Det er i utgangspunktet tre veterinærar som deler på vaktene i distriktet. Det er på slutten av 2024 berre ein veterinær i ordninga, men det skal kome ein til i januar 2025. Det er stor arbeidsbelastning på attverande veterinær med kontinuerleg vakt. Takka vere innsatsen til veterinærane i vaktordninga har brukarane av tenesta nesten ikkje merka den lægre bemanninga. Arbeidet med å styrke og stabilisere ordninga vil halde fram i 2025, det kan bli behov for å sjå på finansiering.

Naturforvaltning i Luster kommune:

Luster har mykje natur og kommunen har oppgåver knytt til viltforvaltning, ureining og friluftsliv. I tillegg har kommunen fått ansvar for forvaltning av åtte mindre verneområde og administrering av fylkesfellingslaget for rovdyr.

Hjortejakta er basert på grunneigarrettar, men mange små eideomar har ført til mange små jaktvold. Hjortebestanden er stor og bør ikkje auke grunna beiteskader og påkøyrslar. For å få ei meir effektiv jakt og meir retta avskyting, bør jakta organiserast i større einingar.

Ny forvaltningsplan for hjort (2021-2024), og ny lokal forskrift som tredde i kraft frå 2023, skal ligga til grunn for dette arbeidet.

I 2024 fekk Luster kommune tildelt 335 000 kr til ulike tiltak i dei mindre verneområda kommunen har

forvaltningsansvar for. Desse tiltaka omfattar mellom anna tilretteleggingstiltak på Nigardsbreen, fjerning av gran i 4 naturreservat og kunnskapsinnhenting i verneområde, samt andre mindre skjøtselstiltak. Vi vil søkje om midlar på same nivå også i 2025. God fagleg kompetanse innan naturforvaltning i kommunen og samarbeidet med nasjonalparkforvaltningsknutepunkt Gaupne (5 statlege arbeidsplassar) gjev kommunen tilgang til og god dialog kring tilretteleggingsmidlar. I tillegg til å sikre vernet av områda, er det blitt viktigare med tilrettelegging og ønskje besökande velkommen inn. Gode naturopplevingar er viktig både for lokale og tilreisande og har særleg stor påverknad på reiselivet.

Fortun bygdalag har blitt autorisert som besøkssenter for nasjonalparkane Breheimen og Jotunheimen. Luster kommune vil bidra inn til realisering av dette besøkssenteret, det er gjort vedtak om finansiering og oppstart av planarbeid for Fortun.

Utviklingsarbeid

I 2025 vil det vere nokre permisjonar/vakansar i kortare periodar som gjer til at det vil vere fokus på kjerneoppgåvene i landbruks- og viltforvaltning. At vi ikkje hentar inn vikarar gjev ei samla innsparing i 2025 på kr 300 000.

Arbeidet i Vassregion Sogn vilhalda fram. Det er påvist for därleg vasskvalitet i nokre vasslokalitetar, og det kan vere aktuelt med tiltak knytt til både avrenning frå landbruket og frå små avløpsanlegg. I 2024 byrja kommunen med tilsyn og kontroll med små avløpsanlegg, noko som vil fortsette å bli prioritert i 2025. Miljørådgjevar vil halde fram systematiske tilsyn knytt til private avløpsanlegg, og anlegg som ureinar vil få påbod om utbetring/fornyning. Dette vil ha kostnadskonsekvensar for private husstandar i Luster kommune, men dette vil vere eit viktig arbeid også sett opp mot vasskvalitet. Totalt i Luster er det om lag 1300 private avløpsanlegg. Dei første pålegga om utbetring vil truleg bli sendt ut vinteren 2024/2025, noko som vil gje eigar av anlegg større kostnadar.

Den gamle avfallsplassen på Lambhaug har påvist avrenning og ureining. I 2024 vart situasjonen ytterlegare kartlagt. Konklusjonen er at det må gjennomførast tiltak, desse er kostnadsrekna til 6,2 mill.kr. Desse ligg ikkje inne i budsjettet for 2025.

Naturforvaltning er viktig i ein utmarkskommune som Luster. Jakt og fiske er viktige rekreasjonsaktivitetar for lokale, og storslagen natur trekk til seg besökande frå heile verda. Nigardsbreen er ein av dei store opplevingane for turistar i Sogn og kommunen arbeider aktivt med besøksforvaltning som vernemyndigkeit. Utfordring med tilbaketrekking av breen aukar mellom anna behovet for tilrettelegging og det må vere fokus på tryggleiken for dei besøkjande.

Luster kommune er med i Sogn Friluftsråd, og vil jobbe tett med dei om utvikling av deira arbeid.

Vestentlege budsjettendringar:

- Redusert bruk av næringsfond til miljøretta tilskot med 3 mill.kr - ikkje forbruk i 2024
- Ikke vikarar ved vakansar - innsparing 300 000 kr
- Tatt ned frukt- og grøntprosjektet i påvente av betre marknadstilgang. Tilskotsordningane går som før.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	4 164	4 227	4 227	4 437	4 737	4 737	4 737
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 718	2 160	2 260	990	990	990	990
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 253	1 396	2 896	1 453	1 453	1 453	1 453
Overføringsutgifter	1 304	4 354	4 354	1 140	1 140	1 140	1 140
Finansutgifter	756	11	11	11	11	11	11
Sum Driftsutgifter	9 196	12 147	13 747	8 032	8 332	8 332	8 332
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-524	-305	-305	-315	-315	-315	-315
Refusjoner	-3 575	-2 389	-3 689	-2 572	-2 572	-2 572	-2 572
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 229	-4 804	-5 104	-354	-354	-354	-354
Sum Driftsinntekter	-5 328	-7 497	-9 097	-3 241	-3 241	-3 241	-3 241
Sum	3 868	4 651	4 651	4 791	5 091	5 091	5 091

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	4 651	4 651	4 651	4 651
Sum Vedtak forrige periode	158	158	158	158
Sum Lønns- og prisvekst	282	282	282	282
Konsekvensjustert budsjett	441	441	441	441
Konsekvensjustert ramme	5 091	5 091	5 091	5 091
Innsparingstiltak				
Mindre bruk av næringsfond samfunn og næring	3 000	3 000	3 000	3 000
Permisjonar landbruk	-300	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar; Næring og miljø	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Sum Innsparingstiltak	-300	0	0	0
Nye tiltak og realendringer budsjett	-300	0	0	0
Ramme 2025-2028	4 791	5 091	5 091	5 091

Næring

Skildring av verksemda i dag

Tenesta er organisert under stabseining Forvaltning og utvikling med fagområda næring og landbruk. Ansvar og mynde er internt delegert til stabsleiar. Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 285 Breiband
- 320 Kommunal næringsverksemnd
- 325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

Særskilt i 2025

Tilrettelegging og hjelp for næringslivet:

Luster kommune skal vere aktiv i høve delfinansiering av både små etablerarprosjekt og større satsingar i næringslivet. Kommunen kan ha ein rolle både ved utvikling av eksisterande verksemder og etablering av nye. Det er fleire interessante utviklingsprosjekt under gjennomføring og på planstadiet i næringslivet i Luster.

I februar 2024 vedtok kommunestyret; "Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune", styringsdokument for både administrativ og politisk handsaming av næringssaker. Det vart gjort nokre endringar i dokumentet, mellom anna ved at det vart innført eit nytt tilskot knytt til direkte utslepp av klimagassar, og mal for saksutgreiingar vart tilpassa for å omtale miljø- og klimapåverknad.

Aktuelle område det skal arbeidast med i 2025:

- Rullering av dokumentet, "Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune" i formannskapet februar 2025.
- Arbeidet med felles kompetanseutvikling for næringslivet vil bli vidareført med temamøte vinteren 2025. Dette vil skje i samarbeid med næringslivet. Dette er arrangement der Luster kommune og Luster Sparebank samarbeider om det praktiske. Det er også møte og kurs på regionalt nivå der både Luster kommune og næringslivet i Luster er aktive deltagarar.
- Posten «Aktivitetsplan reiseliv» har i 2024 hovudsak vore nytta til finansiering av Luster kommune sin del av økonomisk bidrag til selskapet Visit Sognefjord AS. Selskapet har ein offensiv strategi for å gjere Sognefjorden til eit endå betre reisemål. Visit Sognefjord sette i gang eit stort arbeid med å utforme Masterplan for reiselivsnæringa i Sogn i 2018 Planen er ferdig, og skal gjelde for perioden 2021 – 2035. Planen skal ha eit bærekraftperspektiv. Det vert no arbeidd med å setje innhaldet i masterplanen ut i praktisk handling. Det er etablert ei arbeidsgruppe med deltagarar frå alle kommunane
- Halde fram samarbeidet med Sogn Utvikling knytt til næringsutvikling i Luster.
- Utvikling av eksisterande næringstomter - Hausamoen, Gaupnegrandane m.m.
- Følge opp arbeidet med Harastølen

Sogn skisenter:

Luster kommune er positive til den vidare utviklinga av Sogn Skisenter. Kommunen vil bidra aktivt i lag med Sogn Skisenter og idrettslaga for å få realisere prioriterte utbyggingar som hopp, rulleski, langrenn

og stadionanlegg. Det er gjennom arbeidet vedteke å gjere ein mindre revisjon av reguleringsplanen. Luster kommunen er og positive til planane om å utvide det alpine tilbodet. Det er også peika på moglegheiter for å utvikle klatrepark Heggmyrane for å fremje meir heilårsaktivitetar.

Utviklingsarbeid i regionen:

Gjennom Sogn Regionråd er no alle næringsansvarlege i kommunane i eit samarbeidande nettverk, Næringsnettverket i Sogn. I tida framover vert det fokus på mandat og form for dette nettverket, på oppdrag frå Sogn KO.

Status breiband:

Det har vore arbeidd aktivt med høgkvalitetsbreiband til innbyggjarane og næringslivet i Luster over tid. Det er Luster energiverk AS som er den juridiske eigaren av det meste av fiberen i Luster kommune. Transportfiberen (deler av den) vert nytta av fleire selskap ma Hydro, Statkraft, Statnett, Sognekraft og Telenor, desse selskapa har driftsavtale med Luster energiverk. Det er og Luster Energiverk som eig fiberen inn til husa ved fiberutbygginga til innbyggjarane i kommunen, men Sognenett leiger den fiberen på kommersielle vilkår frå Luster energiverk. Sognenett har avtale med kunden om nettleveransen.

I 2024 vart det sett i drift ny mobilsendar på Berge/Luster og Mollandsmarki. Det vert arbeidd med breibandsutbygging frå Ornes til Feigum.

Næringsområde :

Luster kommune har regulert nytt næringsareal på Reiarmoen/ Hausamoen, og har vedteke oreigning. Det er dialog med Sogn Datasenter som ønskjer å utvikle næring på området. Mogleg at oreigningsprosess kan stoppast viss Sogn Datasenter kan utvikle området etter direkte avtale med grunneigarar.

Det er og slik at sjølv om det er att ledig næringsareal på Gaupnegrandane og Røneidsgrandane, så er det begrensa. Det gjer at Luster kommune må byrje å sjå etter nye alternativ, og Hausamoen er eit område som peikar seg ut. Reguleringsplanen for Gaupnegrandane er viktig for å sikre betre utnytting av tilgjengeleg næringsareal. Kjøp av spolebasen vil gje store moglegheiter på næringsareal og næringsutvikling.

I 2023 vart siste næringstomta på Galdetoppen sold. Kommunen har no ikkje næringstomtar på Hafslo, og må i samband med kommuneplanen sin arealdel vurdere kvar framtidig næringsareal på Hafslo skal vere. Arealet ved den gamle revegarde er eitt alternativ, men kanskje kan den tidlegare regulerte utvidinga av Galdetoppen også vere aktuell. Det er høg inngangsbillett begge stadar.

Klimautfordringar og næringslivet i Luster kommune

Staumprisar

Politisk drøfing, men rådmannen tilrår å vidareføre fastpris med ny, noko høgare sats på 55 øre pr kw/h eks.mva.

Næringslån

Renta på næringslån blir uendra på 5,0 % i 2025.

Busetjing og bustadutvikling

Luster kommune er blitt kontakta frå representantar frå Luster bygdalag som har tatt initiativ til at Luster kommune bør søkje om deltaking i Fortidsminneforeininga sitt prosjekt "Lys i gamle hus", som skal vere på veg frå ein pilotfase til breiare deltaking frå kommunar i landet. Dette kan vere eit interessant prosjekt, gjerne sett i samanheng med erfaringa frå tidlegare prosjekt med å få omsett gardar i kommunen og med det lys i fleire hus. Mikrohuslandsby på Skjolden og initiativ med fleirmannsbustadar i Jostedalen kan også i eit breiare perspektiv på busetjing og bustadutvikling passe godt for meir strukturert arbeid.

Det er ikkje sett av midlar til prosjektet i budsjettet, men det kan vere eit utviklingsprosjekt som vi tek med oss inn i 2024 og greier ut og kjem attende til formannskapet med i løpet av våren 2025.

Vesentlege budsjettendringar

- I samband med varsle endra personalsituasjon/pensjon er det teke høgde for at det vert vidareført eit engasjement første halvår, og ein auka fast stillingsressurs frå 1. august. Før nyttilsetjing vil det bli viktig å vurdere korleis kommunen sitt næringsarbeid skal organiserast i framtida.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett		Rev.budsjett	Økonomiplan			
		2023	2024		2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter								
Lønn	1 088	1 522	1 747	1 626	1 726	1 726	1 726	1 726
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 625	1 145	1 350	1 040	1 040	1 040	1 040	1 040
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	23	0	25	25	25	25	25	25
Overføringsutgifter	19 151	4 441	6 441	3 606	3 606	3 606	3 606	3 606
Finansutgifter	24 017	21 000	31 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Sum Driftsutgifter	45 904	28 107	40 562	26 297	26 397	26 397	26 397	26 397
Driftsinntekter								
Salgsinntekter	-1 003	0	-2 352	-2 492	-2 492	-2 492	-2 492	-2 492
Refusjoner	-293	0	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-43 829	-26 465	-38 840	-24 065	-24 065	-24 065	-24 065	-24 065
Sum Driftsinntekter	-45 125	-26 465	-41 192	-26 557				
Sum	780	1 642	-630	-260	-160	-160	-160	-160

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	1 642	1 642	1 642	1 642
Sum Vedtak forrige periode	-224	-224	-224	-224
Sum Budsjettendring i år	-2 272	-2 272	-2 272	-2 272
Sum Lønns- og prisvekst	194	194	194	194
Konsekvensjustert budsjett	-2 302	-2 302	-2 302	-2 302
Konsekvensjustert ramme	-660	-660	-660	-660
Innsparingstiltak				
Mindre bruk av næringsfond samfunn og næring	1 000	1 000	1 000	1 000
Utlån næringsfondet	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Sum Innsparingstiltak	0	0	0	0
Nye tiltak				
Framtidig organisering næring	400	500	500	500
Sum Nye tiltak	400	500	500	500
Nye tiltak og realandringer budsjett	400	500	500	500
Ramme 2025-2028	-260	-160	-160	-160

Plan

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar avdelinga plan. Plan har ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, arealplanlegging, forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar samt kartforvaltning og oppmåling. Ansvar og mynde er internt delegert til plansjefen.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 301 Plansak
- 302 Byggsak
- 303 Oppmåling

Særskilt i 2025

Vi skal følgje opp planprogrammet, der følgjande planar har høg prioritet i 2025 (ikkje uttømmande liste):

- Kommuneplanen sin arealdel
- Områdeplan Hafslo
- Sentrumsplan Gaupne
- Gaupnegrandane
- Byggjefelt Salen

For meir omtale av dei ulike planane, og oversyn over planar som ikkje vert handsama etter plan- og bygningslova syner vi til planprogrammet. Luster kommune skal i tillegg sikre oppfølging av private planinitiativ

Utviklings- og utgreiingsoppgåver

- Setja fokus på redusere talet på 0/0 teigar i kommunen. Lage eit system/ ein mal for å få matrikulert sameigar mm.

Forvaltningsoppgåver

- Vidareføre rask sakshandsaming av byggjesaker og oppmålingssaker i tråd med lovpålagte tidsfristar.
- Kontinuerleg arbeid med forbetring av kvalitet på kommunalt kartverk.
- Redusere talet på feil/ manglar i bygningsdelen til matrikkelen.

Vesentlege budsjettendringar

- 130 000 kr i auka inntekter, då betalingssatsar er auka meir enn snittet for å få litt betre sjølvkostdekking.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Rev.budsjett 2024	Økonomiplan			
				2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	5 698	6 245	6 245	6 406	6 406	6 406	6 406
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 059	2 180	2 140	2 001	2 001	2 001	2 001
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	325	295	295	601	601	601	601
Overføringsutgifter	122	0	0	0	0	0	0
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	7 204	8 720	8 680	9 008	9 008	9 008	9 008
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-1 917	-2 229	-2 229	-2 595	-2 595	-2 595	-2 595
Refusjoner	-491	-88	-88	-158	-158	-158	-158
Sum Driftsinntekter	-2 408	-2 317	-2 317	-2 753	-2 753	-2 753	-2 753
Sum	4 797	6 403	6 363	6 255	6 255	6 255	6 255

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	6 403	6 403	6 403	6 403
Sum Vedtak forrige periode	-261	-261	-261	-261
Sum Budsjettendring i år	-40	-40	-40	-40
Sum Lønns- og prisvekst	283	283	283	283
Konsekvensjustert budsjett	-18	-18	-18	-18
Konsekvensjustert ramme	6 386	6 386	6 386	6 386
Innsparingstiltak				
Betalingsatsar plan og bygg	-131	-131	-131	-131
Sum Innsparingstiltak	-131	-131	-131	-131
Nye tiltak og realendringer budsjett	-131	-131	-131	-131
Ramme 2025-2028	6 255	6 255	6 255	6 255

Beredskap

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet ligg under avdelinga landbruk og næring. Under beredskap ligg ansvaret kommunen har for beredskap, særleg knytt til vern mot naturskade. Ansvar og mynde er internt delegert til stabsleiar.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 339 Beredskap mot brann og andre ulukker (her er det primært andre ulukker som er ført)

Særskilt i 2025

Utviklingsoppgåver

- Ta i bruk kriseberedskapsprogrammet Rayvn i større grad enn no
- Gjennomføre øving

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Rev.budsjett 2024	Økonomiplan			
				2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	117	108	108	126	126	126	126
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	107	171	171	165	165	165	165
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	55	0	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	28	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	306	280	280	291	291	291	291
Driftsinntekter							
Refusjoner	-28	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-28	0	0	0	0	0	0
Sum	279	280	280	291	291	291	291

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Vedtatt budsjett	280	280	280	280
Sum Lønns- og prisvekst	11	11	11	11
Konsekvensjustert budsjett	11	11	11	11
Konsekvensjustert ramme	291	291	291	291
Ramme 2025-2028	291	291	291	291

Kulturarv

Særskilt i 2025

- Luster kommune har avsett 10 mill.kr til investeringsstøtte når besøkssenteret er fullfinansiert. Prosjektet er også fått løying på statsbudsjettet, og det vert jobba med fullfinansiering. Vonleg byggjesøknad vår 2025 og oppstart haust 2025.
- På investeringsbudsjettet ligg brannsikring av tunet på Ornes, og dette vil bli jobba vidare med i 2025. God dialog med Riksantikvaren om tildelte midlar.
